

Innspel til nytt Næringsbarometer

1. Samarbeidspartnarar

Når dei gamle samarbeidspartnarane går ut av samarbeidet har vi ikkje lenger automatisk tilgang til medlemslistene/bedriftsregisteret som har danna grunnlaget for utvalet til undersøkinga. Dersom Næringsalliansen blir ny samarbeidspartnar er deira medlemslister eit naturleg utgangspunkt for nytt utvalsgrunnlag. Viss vi ikkje har samarbeidspartnarar som kan bidra med adresselister er det ein stor jobb å bygge opp eit nytt utvalsgrunnlag. Fordelen med å bygge opp utvalet frå grunnen av, er at vi kan få eit representativt utval for alle bedrifter i Hordaland.

2. Framtidige bruksområde for/nytteverdi av Næringsbarometeret:

1. Ivaretaking av eksisterande tidsseriar/data (omsetnad, investering, tilsette)/bygge opp nye tidsseriar basert på nytt utval.
2. Nye faste tema:
 - a) Kartleggje bedriftene sine kompetansebehov. Kan bli knytt til regional plan for kompetanse. Nye krav til kompetanse som følgje av endring/omstilling (eige plantema)
 - b) Korleis kommunane legg til rette for næringslivet
3. Utvide med problemstillingar som er av laupande interesse for Hordaland fylkeskommune , ad-hoc tilleggsspørsmål om aktuelle problemstillingar som kan bli inkludert i undersøkinga ved høve.
4. Innspel til prognosar eller vidare analysar.
5. Regionale data/analysar

3. Organisering og arbeidsfordeling:

1. Utover det å vere rådgjevar/delta i referansegruppe (om lag som i dag) kan AUD bidra med følgjande:
 - a) Gjennomgang av utvalet (spesielt viktig mtp regionale analysar) og utarbeiding av rutinar for oppdatering av utval
 - b) Levere tenester som i dag blir kjøpt eksternt:
 - Datainnsamling
 - Kvalitetssikring av utval og spørjeskjema
 - Revidering av spørjeskjema
 - Analysar av datamateriale
 - Tekstarbeid/intervju
 - c) Prosjektleiing
2. AUD kan ikkje levere (men HFK?)
 - a) Grafisk design/ «desking» av teksten
 - b) Webpublisering
3. Mellomløysingar der vi gjer mesteparten sjølv, men kjøper inn enkelte tenester for å gi produktet eit ekstra kvalitetsstempel:
 - a) Innkjøp av ekspertkommentarar, spissanalysar (til dømes Vestlandsindeksen, Torgeir Reve)
 - b) Innkjøp av design, spesielt ved samarbeid med eksterne

4. Om AUD tek på seg oppgåver under punkt 1, krev det auka stillingsressursar til AUD. Om AUD tek alle eller deler av desse oppgåvene vil det gje innsparingar i høve til dagens utgifter knytt til utarbeiding av Næringsbarometeret. Kor mykje ressursar AUD treng avheng av kva for oppgåver vi tek på oss. Vi ser det uansett som føremålstenleg å tilsette ein person i ei prosjektstilling for å gjere denne jobben. Denne stillinga bør ligge i AUD for å vere knytte til eit fagmiljø.